

## Søknad om fritak i fag

### Beskriving av søknad om fritak i faget

*NB! Ein kan kun søkje om fritak i heile emner, ikkje deler av emne.*

Søknad skal skje via Visma in School

Søknadane skal inn i starten av skuleåret, og det er viktig å få det gjort slik at produksjon av vitnemål vil gå greitt etter endt utdanning.

1. Logg deg inn på [skulen si Visma inSchool side](#) (lenke ligg på heimesida vår).
2. I det blå sidefeltet vel du: [Mine Søknader](#)
3. Velg deretter fana: [Godkjenning av tidlegare beståtte fag](#)
4. Trykk deretter på knappen: [Opprett søknad](#)

I det nye vindauget som opnar seg kan du velje kva emne/emner du vil søkje om fritak i. Dei emna som kjem opp der er dei som din klasse skal ha i år, og det er i hovudsak dei du skal søkje om fritak for dette skuleåret. Emner du skal ha neste skuleår, søkjer du om fritak for i starten av neste skuleår.

Unnataket er dei som har gått forbi eitt årstrinn, og må søkje om fritak for dei emna som dei skulle hatt første året. Desse må finne ut kva NVB nummer emnet har (står i studieplanen). Under der som du vel fag så er det ein skyveknapp ([inkluder alle fagkoder](#)) Aktiverer du den vil du få opp alle koder, og du må då taste inn NVB-nummeret for å finne det korrekte emnet du vil søkje fritak i.

Last opp vedlegget som er dokumentasjonen for fritakssøknaden, og lagre med den blå knappen.

Følg gjerne med på søknaden for å sjå om det vert etterspurt meir dokumentasjon. Når søknaden er godkjent vil timane til dette emnet forsvinne frå timeplanen din.

### Kryssreferanser

### Eksterne referanser